



Regionalplan for Sogn - handlingsplan 2022

Verdiar: Driftig, raus og ekte.

Visjon: Saman gjer vi Sogn til ein attraktiv og livskraftig region.

MÅL: Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande



1. Attraktiv buregion

Delmål

Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med rekruttering til regionen.

Felles profilering og merkevarebygging for å løfta fram kvalitetane i regionen.

Sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrara.

Satsingsområde	Strategi (korleis)	Tiltak /prosjekt - realisering av strategi	Dato/tid	Ansvar og deltaking	Budsjett 2022
Profilering og rekruttering	Vidareutvikla omdømme og bulyst i regionen, og formidla dei gode historiene.	Felles profilering av Sogn og regionstand på Framtidsfylket sine karrieremesser.	2022	Ansvar: SR Deltaking: Kommunane (HR-nettverket)	0,1 mill
	Medverka i arbeidet med felles profilering og merkevarebygging for Sogn som bu- og arbeidsmarknadsregion der fortrinna på dei ulike stadene blir synlege i rekrutteringsarbeidet.	Avklare plan for vidareføring av prosjektet etter at merkevare og grafisk profil er ferdigutvikla og plan for vidare arbeid føreligg (desember 2021).	2022	Ansvar og deltaking blir avklart gjennom handsaming av sluttrapport /prosjektplan	
Stadutvikling	Medverka til kunnskapsutvikling og samarbeid om stadutvikling	Identifisera kommunane sine behov og invitera til regionalt samarbeid for å fremje arbeidet med stadutvikling.	2022	Ansvar: SR Deltaking: Kommunane	0,1 mill
Integrering og inkludering	Gjennomføra det regionale prosjektet Sogn for alle – integrering og inkludering av innvandrara	Iverksetje den årlege handlingsplanen i prosjektet Sogn for alle	2022-2024	Ansvar: SR/styringsgruppa Sogn for alle Deltaking: Kommunane, næringsliv, frivillig sektor, andre samarbeidspartar	4,8 mill

2. Kompetanse

Delmål

Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov.

Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle

Satsingsområde	Strategi (korleis)	Tiltak /prosjekt - realisering av strategi	Dato/tid	Ansvar og deltaking	Budsjett
Fagkompetanse til verksemdene	Stå samla om og utvikla dei vidaregåande skulane regionen har i dag.	Følgja opp og sikra at regionen har gode vidaregåande skular med varierte studieretningar	2022-2024	Ansvar: SR og kommunane	-
	Medverka til at tilbodet ved vidaregåande opplæring og høgskulen sikrar næringsliv og offentlege verksemdar sine behov og samsvarer med ungdomane og utdanningssøkjande sine ønske.	Fange opp kompetansebehov gjennom behovsinnmelding frå arbeids- og næringsliv i indre Vestland, gje innspel til Kompetanseforum Vestland for dimensjonering av utdanningstilbodet og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod.	2022-2024	Ansvar: SR /samarbeidsarena Sogn i samarbeid med Hardanger-Voss Deltaking: Samarbeidsarenaene Sogn og Hardanger-Voss (vidaregåande skular, næringa, kommunane, opplæringskontor, høgskule m.fl)	-
		Koordinera arbeidet slik at tilbodet for desentralisert sjukepleiarutdanning treff betre behova kommunane har for eit nettbasert- og samlingsbasert tilbod.	2022-2023	Ansvar: SR Deltaking: SR, kommunane, andre regionar m.fl.	0,1 mill
	Gjennom partnerskapen med NHO, LO og fylkeskommunen medverka til fleire læreplassar i kommunane og i private verksemdar.	Koordinera møteplassen og dialogen mellom partane for å nå formålet om fleire læreplassar i Sogn. Ta initiativ til vidareføring av avtalen frå 2023.	2022	Ansvar: SR Deltaking: Kommunane, fylkeskommunen, NHO, LO	-
Barnehage- og skuleutvikling	Kommunane samarbeider om barnehage- og skuleutvikling og vurderer i løpet av 2021 vidareføring av samarbeidet.	Iverksetja den årlege handlingsplanen for System for styrka læring	2022	Ansvar: SR/programstyre Deltaking: Kommunane, Ungt Entreprenørskap, Statped, PPT, hvl, m.fl.	2,4 mill

3. Næringsutvikling

Delmål

Nyetableringar og vekst i eksisterande private og offentlege verksemder i regionen der vi byggjer på det vi er sterke og gode på
Regionen skal ha eit samhandlande og koordinert næringsapparat

Satsingsområde	Strategi (korleis)	Tiltak /prosjekt - realisering av strategi	Dato/tid	Ansvar og deltaking	Budsjett 2022
Grøn næringsutvikling	Arbeida for auka bruk av energiressursane lokalt for å sikra verdiskaping i eigen region.	Gjennomføra forprosjekt grøn næringsutvikling i samsvar med prosjektplan som skal munne ut ein sluttrapport med tilråding til vidare arbeid og ev. ein prosjektplan for hovudprosjektet.	Vår – sommar 2022	Ansvar: SR Deltaking: Prosjektleiari og styringsgruppe med representantar frå kommunane og eksterne	0,1 mill
	Leggja til rette for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og byggjer kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet.	Bruka kunnskapsgrunnlaget i rapporten Grøn region Vestland som reiskap for a) å realisera potensialet for grøn vekst, vurderer samarbeidsmoglegheiter, konsept og verdikjeder i eigen region og på tvers av regionene		Ansvar: SR Deltaking: Kommunane v/ næringsnettverket	
	Styrka grønt-sektoren i regionen gjennom gode rammevilkår og tilrettelegging.	b) politisk påverknadsarbeid for å sikra regionen sin posisjon i det grønne skifte, sikra nettkapasitet, bruk av energi lokalt og sikra gode rammevilkåra for næringsutvikling		Ansvar: SR Deltaking: SR, samarbeid med Hardanger og Voss (arbeidsgruppe)	0,1 mill
Offentlege arbeidsplassar	Medverka for å styrke og vidareutvikla dei statlege og regionale offentlege arbeidsplassane i Sogn.	Gjennomføra eit forprosjekt for offentlege arbeidsplassar i samsvar med prosjektplan som skal munne ut ein sluttrapport med tilråding til vidare arbeid og ev. ein prosjektplan for hovudprosjektet	Haust 2022	Ansvar: SR Deltaking: Prosjektleiari og styringsgruppe med representantar frå kommunane og eksterne	0,1 mill
	Byggja politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling.	Definera og avklara korleis rådet vil arbeide for å behalda og få tilført fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i Sogn når rapport frå forprosjekt føreligg.	2022	Ansvar: SR Deltaking: Rådet	-

Reiseliv	Støtta destinasjonsselskapet Visit Sognefjord AS som verktøy for reisemålsutvikling i regionen.	Støtta internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden, reiselivsprodukt i Sogn og arbeidet med heilårs reiseliv.	Vår 2022	Ansvar: SR Deltaking: Kommunane	0,25 mill
		Støtta arbeidet for fellesgodefinansiering for å oppnå lokal verdiskaping frå reiselivet.	2022	Ansvar: SR Deltaking: Samarbeid med Visit Sognefjord, Hardanger, Voss m.fl	-
	Medverka til å samordne og styrke den regionale innsatsen for å fremje Sognefjorden som reisemål.	Gjennomføra forprosjekt om reiseliv i samsvar med prosjektplan som skal munne ut i ein sluttrapport med tilråding til vidare arbeid og ev. ein prosjektplan for hovudprosjektet	2022	Ansvar: SR Prosjektleder og styringsgruppe med representantar frå kommunane og eksterne	0,1 mill
		Vidareføra Visit Sognefjord si deltaking på regionale møteplassar for dialog og forankring (regionråd, næringsnettverk, planleggjarnettverk)		Ansvar: SR/VS Deltaking: Kommunane, SR, VS	-
	Pådrivar for betre samferdsle.	Strategisk påverknadsarbeid for at infrastruktur og samferdsle vert utvikla med omsyn til tilreisande og reiselivsutviklinga i Sogn heile året	Våren 2022	Ansvar: SR Deltaking: Samferdslegruppa i samarbeid med Visit Sognefjord	-
Teknologi og digitalisering	Bidra til at Sogn vert leiande i det 4. industrielle skiftet, og tek i bruk ny teknologi og digitalisering for å skape konkurransekraft.	Gjennomføra forprosjekt i samsvar med prosjektplan for tettare samarbeid mellom bedrifter og kompetansepartnarar i regionen om utvikling av ny teknologi og slik styrka innovasjons- og konkurransekrafta og der arbeidet skal munne ut i ein tilråding til vidare arbeid.		Ansvar: SR Deltaking: Prosjektleder og kommunane og eksterne v/ styringsgruppe	-

4. Samferdsle

Delmål

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur.

Reisetida til regionsenteret skal vera maksimalt 45 minutt.

Satsingsområde	Strategi (korleis)	Tiltak /prosjekt - realisering av strategi	Dato/tid	Ansvar og deltaking	Budsjett
Samferdsle	Gjennomføra samferdsleplanen for 2020-2023	Iverksetja den årlege handlingsplanen for samferdsle	2022	Ansvar: SR Deltaking: SR, samferdslegruppa	0,1 mill

Arbeidsform for Sogn regionråd

Sognatinget	Den regionale møteplassen Sognatinget blir etablert for kunnskapsdeling og for å få fram betydninga av samarbeid for å utvikla Sogn. Tema vil vera å drøfte regionale utfordringar, drøfte og leggje føringar for det regionale samarbeidet og styrke eigarforholdet og forpliktingar i samarbeidet. Næringskonferanse blir etablert i tilknytting til Sognatinget der samarbeid i Sogn er hovudtema og der næringslivet blir utfordra på korleis dei kan engasjerast meir.
Informasjon til eigarane	Ordførar informerer kommunestyre om nytt frå rådet (fast post).
Strategiske alliansar	Byggja alliansar der vi frontar viktige saker ilag med andre for å fremje regional utvikling (naboregionar, næringsliv, organisasjonar og andre sentrale aktørar).
Tematisk samarbeid	Indre Vestland - Sogn samarbeider tematisk med Hardanger og Voss i saker med felles interesser for auka påverknadskraft.
Politiske arbeidsgrupper	Etablera arbeidsgrupper innanfor prioriterte område som drøftar strategiar, gir tilråding til regionrådet og påverkar avgjerdestakar for god regional utvikling. Bidra til at rådet blir synleg og leiande politisk aktør.
Møteplassar	Delta på politiske arenaer for å synleggjera og ta ein posisjon på vegne av regionen – Stortingsbenken, stortingskomiteane, departement, nærings- og interesseorganisasjonar, fylkeskommunen, fylkespolitikarar, innspels- og høyringsmøte mv.
Kommunikasjonsstrategi	Utarbeida og gjennomføra medie- og kommunikasjonsstrategi. Involvere kommunane, innbyggjarane, næringslivet og utdanningsinstitusjonane i det regionale arbeidet.
Fråsegn	Rådet gir fråsegn i høyringar nasjonalt og regionalt.
Formidling	På nettsida ligg blant anna møtedokument, fråsegn, eigne nyhendesaker og prosjektaktivitetar. Media blir invitert med til møte. Rådsleiar og leiar for politiske arbeidsgrupper uttaler seg på vegne av rådet.

Bærekraft

Påverknadsarbeid

Samarbeid

Samarbeidsformer og roller

Regionråd	<ul style="list-style-type: none">• Politisk påverknadsarbeid, særleg med fokus på satsingsområda i regionalplanen (ev. gjennom eigne arbeidsgrupper) og prosjekteigar• Delta i styringsgrupper (jf regionalplanen sine satsingar) der dette er viktig for regional eller nasjonal politisk påverknad og/eller brei forankring i kommunane• Vedtek rammene for samarbeidet gjennom budsjett og handlingsplan etter tilråding frå dagleg leiar
Dagleg leiar	<ul style="list-style-type: none">• Sekretariat for Sogn regionråd• Sørge for operativ gjennomføring av regionrådet sine satsingsområde• Sørge for bemanning og ressursstyring av regionrådet sine prosjekt gjennom nær dialog med regionråd, rådmannsgruppe og næringsnettverk• Prosjektansvarleg for regionrådet sine satsingar
Rådmannsgruppe	<ul style="list-style-type: none">• Må avklarast, jf. intensjonen om politisk styring i regionrådsamarbeidet• Ansvarleg for å peike ut kommunen sine representantar i regionrådet sine prosjekt, basert på dagleg leiar sin kapasitet- og kompetansebehov i prosjekta• Delta i styrings- og prosjektgrupper der prosjekta må forankrast godt i kommunane• Sørge for god informasjon og forankring av regionrådet sitt arbeid i kommunane
Næringsnettverk	<ul style="list-style-type: none">• Kan få oppdrag gjennom rådet sin handlingsplan• Delta i styrings- og prosjektgrupper der prosjekta må forankrast i næringslivet